


**Oppmannsrapport  
etter fellessensur i norsk skriftleg  
i Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen  
NOR0218 og NOR0219, 10. årstrinn**



**Våren 2024**

**Åndalsnes 01.07.24**

**Anne Mette Korneliussen**

**Oppmann**

## Innhald

Fellessensurmøte .....	3
Statistikk .....	3
Kommentarar til eksamensrettleiinga.....	3
Kommentarar til eksamenssettet.....	3
Førebuingdelen.....	4
Oppgåvene .....	4
Hovudmål NOR0218 .....	4
Sidemål NOR0219.....	5
Forslag til tema .....	6
Andre norskfaglege innspel.....	6

## Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Scandic Hotel Alexandra i Molde 18. juni. Det vart halde førebunde møte med Statsforvaltaren og oppmenn 17. juni. På sensorskuleringa jobba vi med fire elevsvar frå førehandssensuren. Vår eksamensregion hadde sensorskulering 31. mai på Scandic Hotel Alexandra i Molde. Resultatet er auka medvit og eit betra tolkingsfellesskap når det gjeld vurdering av tekster. Vi var 36 sensorar som var fordelte på 9 sensorgrupper. Kvart sensorpar måtte levere to elevsvar inn til oppmannssensur. Oppmannskontoret handsama til saman 78 elevsvar under fellessensuren i år.

## Statistikk

▼ Fagkode	▼ Fagnavn	▼ Karakterer	▼ 1	▼ 2	▼ 3	▼ 4	▼ 5	▼ 6
NOR0218	Norsk hovedmål 10. årstrinn	1082	3,51%	16,64%	33,18%	28,84%	14,97%	2,87%
NOR0219	Norsk sidemål 10. årstrinn	885	1,69%	16,50%	41,92%	26,55%	11,98%	1,36%

▼ Fagkode	▼ Standardavvik	▼ Snitt før klage	▼ Endelig snitt	▼ Snitt nasjonalt*
NOR0218	1,12	3,44	3,44	3,45
NOR0219	0,99	3,35	3,35	3,31

## Kommentarar til eksamensrettleiinga

Eksamensrettleiinga hadde tydeleg og presis informasjon til elevar, lærarar og sensorar. Vurderingsområda var detaljerte og utdjupa. Vurderingsmatrisa var presis med vurderingsskjema til kvar oppgåve.

## Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk har god form og struktur. Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste møter eleven ei ganske ny type oppgåve. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom

førebuingmateriellet, eksamen og kompetansemåla i læreplana. Oppgåvene er nært knytt til tekstene i førebuingmateriellet. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep.

## Førebuingdelen

Førebuingdelen hadde fleire tema. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er variert og har oftast passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og setje i gang refleksjon. Fleire av tekstene treff gutane godt. Tekstane og bileta er aktuelle.

## Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytt til førebuingdelen og vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Elevane får tydeleg melding om kva område tekstene vil bli vurdert på.

Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste skal eleven bruke to tekstvedlegg i løysinga av oppgåva.

### Hovudmål NOR0218

**1a, 1b og 1c:** I 1a er det fleire elevar som ikkje skjønner kva formålet med teksten betyr. Omgrepet er ukjend. I oppgåve 1b klarer mange av elevane ikkje å forklare korleis Hanna Bratlie brukar verkemiddel i teksten og underbygge svaret med døme. I 1c klarte dei fleste å skrive noko om korleis forfattaren argumenterer for «Mobilen skjermar oss frå den verkelege verda».

Presisjonsnivået varierer noko.

**2:** Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a skal eleven skrive ei tekst der to hovudpersonar står for kvar si meining om ei sak. Det skal vere kontrasten mellom dei to meiningane som må utgjere hovudhandlinga. I denne oppgåva kan eleven skrive ulike sortar tekst. Mange elevar skriv denne oppgåva.

I 2b vert eleven utfordra til å skrive ei tekst der ein skal reflektere over korleis språkleg variasjon og mangfald kan bidra til positive møte med andre. Eleven skal underbygge refleksjonane med døme. Oppgåva er kompleks. Nokon av dei beste svara har med døme, eigne erfaringar og gode refleksjonar.

**3:** I denne oppgåva skal eleven bruke tekstane «Heime» av Synne Vo og «Eg er eit rekkjehus» av Linn Skåber. Eleven skal reflektere over tematiske likskapar og bruk av verkemiddel i tekstane. Vidare bruke fagspråk og vise til døme frå begge tekstvedlegga. Mange elevar fann denne oppgåva utfordrande. Ikkje alle brukte begge tekstvedlegga eller fekk med kjeldene. Nokre elevar fann få tematiske likskapar.

### Sidemål NOR0219

**1a, 1b og 1c:** I 1a veit mange elevar at teksta er eit dikt og handlar om april. Tolkinga av svaret varierer i presisjonsnivå. 1b klarer ikkje alle elevane å finne kva for syn på naturen som vert skildra i dei to tekstene. Stor variasjon i bruken av døme og fagomgrep. 1c klarer ein del elevar å finne nokre verkemiddel og samanlikne form i dei to dikta. Den krevjande delen av oppgåva er å underbyggje svaret med døme frå dikta. Strukturerte og tydelege oppgåvebestillingar. Oppgåva er krevjande.

**2:** Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a vert det forventa at eleven skal skrive ei tekst der ein informerer ein ungdom i år 2130 om det munnlege og skriftlege språket ungdom nyttar i dag. Eleven skal bruke døme for å utdjupe teksta, og få fram korleis framtida for språket ser ut. I oppgåve 2b skal eleven skrive ei tekst der ein får fram korleis kommunikasjon mellom menneske kan skje på ulike måtar. Her kan ein skrive ulike sjantrar. Teksten skal innehalde eit vendepunkt der kommunikasjon er avgjerande. Mange elevar viser stor skriveglede i denne oppgåva. Elevane viser varierende kunnskap og kompetanse om språk.

**3:** Eleven skal samanlikne synet på språk som kjem fram i dei to tekstvedlegga. Vidare skal eleven reflektere over sitatet «Å skrive med eit mål»: «Der var som eg hadde knekt ein kode, at eg hadde fått ei ny verktøykasse i skrivinga. Eg hadde plutseleg dobbelt så mange ressursar.» Oppgåva har ein tydeleg struktur, men er krevjande for ei del elevar. Eleven skal bruke fagomgrep og vise til døme frå begge tekstane. Mange tekster har varierende struktur og presisjonsnivå.

## Forslag til tema

\*Mangfald

\*Kunstig intelligens

\*Fellesskap- utanforskap

\*Miljø og klima

\*Konflikt

\*Bygd og by

\*Språk

\*Fattigdom

\* Å vere ung

Kommentarar:

\***Språket må få større plass.** Dei formelle dugleikane ser ut til å ha hatt for liten plass i opplæringa. Dette ser ein særleg i nynorsk, både som hovudmål og sidemål.

\*Bruke songtekster og andre kulturuttrykk (teikningar og måleri).

\*Meir analyse eller tolking.

\*Elevane må få vise meir fagkunnskap i skriftleg.

\*Språk versus innhald.

\*Bruke aktuelle tema i tida.

## Andre norskfaglege innspel

Sensorane er godt nøgde med vurderingsmatrisa. Den er eit nyttige verky i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer.

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Fellessensuren gjekk føre seg utan store problem.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreieing av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann